



Føresegner

Plan:	Planid: 20100109		
Detaljreguleringsplan - Sørstrand, Friluftsområde/Veg	Arkiv nr.: 16/2266		
Utarbeidd av: Flora kommune	Dato: 07.06.2017		
Revisjon i prosess: 05.09.2017			
Vedtak/stadfesting:			
Avskrift:	Sign.kontroll:		
<hr/>			
Endringar:	Saknr.	Dato:	Sign:

1. Siktemålet med planen

Føremålet med planen er å leggje til rette for friluftsføremål på Sørstrand og utbetre Vågavegen og Sørstrandvegen. Friluftsområdet skal kunne nyttast på ein mest mogleg sidestilt måte, og det skal takast vare på anlegg frå 2. verdskrig i området.

2. Fellesføresegner for heile planområdet

2.1 Funksjons- og kvalitetskrav (§ 12-7 nr. 4)

2.1.1 Universell utforming

Innafor planområdet skal alle tiltak for ålmenta innanfor friluftsområde og vegarealet så langt som mogleg stette krav til universell utforming. Der dette ikkje er mogleg i full skala skal tiltaka så langt som mogleg stette krava.

2.1.2 Varlingsplikt ved funn av automatisk freda kulturminne

Tiltakshavar har plikt til å vise varsemnd og til å straks melde frå til Sogn og Fjordane fylkeskommune ved Kulturavdelinga dersom ein under arbeidet skulle støyte på automatisk freda kulturminne på land og **Bergen Sjøfartsmuseum dersom ein finn kulturminner i sjø**, jfr § 8, 2. ledd i Lov om kulturminne."

2.1.3 Estetisk utforming

Alle tiltak innfor planområdet skal gjennomførast med god estetisk og arkitektonisk utforming. Det skal leggjast vekt på god material- og fargebruk som er med på å gje området god arkitektonisk utforming.

2.1.4 Terrenghandsaming

Det skal leggjast vekt på skånsam terrenghandsaming innanfor planområdet. Spesielt er dette viktig innfor friluftsområdet. Nye turveggar skal i hovudsak følgje terrenget, og ved tilplanting av skråningar og liknande skal det leggjast vekt på å nytte stadeigne artar.

2.1.5 Handtering av overvatn

Innanfor friluftsområdet skal overflatevatn i hovudsak handsamast i opne vassveggar, og vere ein integrert del av friluftsområdet sin opplevingskvalitet. For veganlegga skal handtering av overvatn inngå i detaljprosjekteringa av vegane, og det skal i prosjekteringa takast høgde for framtidig auke i nedbør.

2.1.6 Skilting

Oppføring av informasjonsskilt/informasjonsstavler i området skal gjerast ut i frå ein heilskapleg plan. Skilta/tavlene skal ha estetisk god utforming og være tilpassa omgjevnadane dei skal plasserast i.

2.1.7 Bossoppsamling

For å hindre forsøpling i området må det plasserast ut boss-dunkar/avfallsbeholdarar. I tillegg til områda der det er opna for bossbøtter/avfallcontainer i føresegnene bør det og plasserast boss-dunkar langs SV1, ved o_SPP3 og langs o_GT1.

2.1.8 Flytting av masser og tilsåing

Ved flytting av masser må det undersøkast om massane inneheld svartelista artar. Slik masse skal ikkje nyttast innanfor området for å hindre spreieing av framande artar. Ved tilsåing skal det nyttast stadeigne artar.

2.1.9 Klimabelastning

Nye bygg skal dimensjonerast slik at dei kan stå i mot forventa framtidig auke i belastningar som følgje av vind og slagregn.

2.2 Miljøkvalitet, støy (§ 12-7 nr. 3)

2.2.1 Anleggstøy

I anleggsperioden kan anleggsarbeid eller anna støyande aktivitet skje mellom kl. 07-19, måndag til fredag, medan laurdag og søndag er det ikkje tillate med støyande aktivitet.

Følgjande støygrenser skal være gjeldande for støy i anleggsperioden:

Bygningstype	Støykrav på dagtid ($L_{pAeq12h}$ 07-19)
Bustad	65

Med følgjande tillegg for langvarig arbeid

Anleggsperiodens lengde	Grenseverdiene for dag i tabellen ovanfor vert skjerpa med:
Fra 7 veker til og med 6 månader	3 dB
Meir enn 6 månader	5 dB

Støygrensene kan fråvikast for kortare periodar, dersom dette vert kompensert med avbøtande tiltak. Avbøtande tiltak og forventa effekt av desse skal følgje driftsplan for anleggsdrifta.

2.2.2 Trafikkstøy

Grenseverdiar for støy skal overhaldast ved oppgradering av veg i område for bustadar. Krav i retningslinjer T-1442 skal leggest til grunn. Med veg som støykjelde skal følgjande verdiar stettast: 55 dB L_{den} på uteplass og utanfor rom med støyfølsam bruk og 70 dB L_{5AF} utanfor soverom natt kl. 23-07.

Det skal utførast støyvurdering i samband med utarbeiding av detaljprosjekt for Vågavegen. Det skal utarbeidast forslag til evt. avbøtande tiltak som del av vegprosjektet.

2.2.3 Støy frå flyplass

Grenseverdiar for støy skal overhaldast ved bygging av nye bustadar/bueiningar. Krav i retningslinjer T-1442 skal leggest til grunn. Med flyplass som støykjelde skal følgjande verdiar stettast: 52 dB L_{den} på uteplass og utanfor rom med støyfølsam bruk og 80 dB L_{5AS} utanfor soverom natt kl. 23-07. Det skal dokumenterast at støykrav er overhalde ved søknad om byggjeløyve.

3. Føresegner for arealformål

3.1 Busetnad og anlegg (§ 12-5 nr. 1)

3.1.0 Fellesføresegner for busetnad og anlegg

Det skal leggjast vekt på god arkitektonisk utforming av nye bygg. Ved nybygging eller vesentleg utviding av eksisterande bygg, td ved tilføring av ny buening skal bygg og uteområde prosjekterast slik at det vert tilfredstillande støyforhold i bygget og på uteplassen, sjå punkt 2.2.

3.1.1 Bustad, B1, B2 og B3

- B1 omfattar allereie utbygde eigedomar, med eitt bustadhus og ei garasje pr tomt. Bygg skal plasserast innfor byggjegrensene vist i planen. Maks BYA på tomtane er 30%. Takform skal vere saltak eller anna form for skråtak med maksimal mønehøgde på 8 m frå gjennomsnittleg planert terreng kring bygget. Garasje vere i ei etasje med maksimal mønehøgde på 5 m frå gjennomsnittleg planert terreng kring bygget.
- I B2 kan det oppførast bustad med tilhøyrande anlegg (garasje, uthus) innanfor byggjegrenser vist på plankartet. Utnyttingsgrad T-BRA maks 300m² inkludert garasje og uthus. Takform skal vere saltak eller anna form for skråtak. Maks mønehøgde 8m og maks gesimshøgde 5,5 m over ferdig planert terreng sitt gjennomsnittsnivå kring bygning.
- B3 omfattar bustadareal som ligg i anlegg- og riggområde. Der byggjegrense ikkje er vist ligg denne i tilgrensande plan. Området mellom vegareal og byggjegrense/føremålsgrænse kan nyttast som uteopphaldsareal for tomtane, men det kan ikkje oppførast bygg i desse områda. Arealet kan gjerdast inn mot vegarealet.

3.1.2 Barnehage, BBH1

- Området er etablert barnehageområde. Det kan oppførast bygning med tilhøyrande anlegg for barnehage innanfor byggjegrenser vist på plankartet. Utnyttingsgrad T-BRA max = 750m² inkludert utebod. Maks mønehøgde 7m og maks gesimshøgde 4m over ferdig planert terreng sitt gjennomsnittsnivå kring bygning. Møneretning skal vere som vist i planen. Tak kan vere saltak, pulttak eller anna form for skråtak i kombinasjon med flatt tak.
- I samband med byggesøknad skal det utarbeidast detaljert situasjonsplan som viser terrengopparbeiding med leikeareal, gangvegar, uteopphald, støttemurar og beplantning.
- Det kan plasserast uteboder o.a. utanfor byggegrensa. Avstand til eigedomsgrense skal følgje reglane i plan- og bygningslova §29-4.

3.1.3 Fritids og turistføremål o_BFT1-2

- I område o_BFT1 kan det oppførast enkle bygningskonstruksjonar knytt til friluftsområdet, til dømes gapahuk og grillhytte. Området kan og tilretteleggast med benkar og anna utemøblering for opphald. Bygg kan plasserast i føremålsgrensa.
- I område o_BFT2 kan det oppførast servicebygg for friluftsområdet. Bygget skal ha god arkitektonisk utforming og kan i tillegg til servicebygg-funksjonar og innehalde rom for lagring og opphald. Bygget kan og ha overbygd areal med sitteplassar. Bygget skal plasserast på kote 3 eller høgare og kan ha maksimal gesimshøgde/mønehøge på kote 10. Bygget kan plasserast i føremålsgrensa. Det kan opparbeidast parkeringsplassar for sykkel innanfor området.

3.1.4 Vatn og avløpsanlegg, o_BVA

Innafor området o_BVA er det etablert anlegg som kommunalt avlaupsanlegg. Bygget kan utvidast ved behov. Det skal også i dette området leggjast vekt på god arkitektonisk utforming og god materialbruk. Bygg kan plasserast i føremålsgrensa.

3.1.5 Bossoppstillingsplass og postkassestativ o_BKT

Området har i dag postkassestativ og fungerer som bossoppstillingsplass. Bruken vert vidareført. Det skal ikkje oppførast bygg i området.

3.1.6 Uthus/naust/badehus, BUN1 og BUN2

BUN1 og BUN2 er områder for eksisterande naust. Innafor områda kan det tillatast vanleg vedlikehald, og ved behov kan det førast oppatt bygg i same storleik.

3.1.7 Leikeplass

Områda omfattar leikeplassar som ligg i anlegg- og riggområde. Områda kan nyttast i samsvar med føremåla, og må sjåast i samanheng med leikeplassareala i tilgrensande planar.

3.2 Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (§ 12-5 nr. 2)

3.2.0 Fellesføresegner for samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur

Før arbeid med anlegget tek til skal køyreveg, fortau, anna veggrunn og støytiltak detaljprosjekterast i samsvar med krav i Handbok N100. Vurdering av naudsynte sikringstiltak skal inngå i detaljprosjekteringa. Det er høve til justeringar mellom dei ulike trafikkformåla, dersom ein gjennom detaljavrklaringar i prosjekteringa finn løysingar som gir mindre inngrep, mindre arealbehov eller betre trafikkale løysingar.

3.2.1 Veg, SV1 og 2

- SV1 er utrykkingsveg for flyplassen. Vegen kan nyttast som turveg, men kan stengjast i kortare periodar ved aktivitet på flyplassen. Det kan leggjast VA- og El-leidningar i eller inntil vegtraseen fram til o_BFT2 og o_GB. Vegen kan grusast opp slik at den stettar krav til universell utforming frå o_GT2 til o_GT8.
- SV2 er tilkomstveg for flyplassen og kommunalt avløpsanlegg. Vegen kan nyttast som turveg.

3.2.2 Køyreveg o_SKV1 og o_SKV2

- o_SKV1, Vågavegen, skal utbetrast som vist på plankartet med fortau på sør/austre side. Mellom krysset ved Mulelidmarka/Nordalsmarka og Sørstrandvegen skal vegen være einvegskøyrd frå vest mot aust. Det kan etablerast kantstopp for buss etter krysset mot Sørstrandvegen.
- o_SKV2, Sørstrandvegen, skal utbetrast som vist på plankartet fram til parkeringsplassen o_SPP3.
- o_SKV3, krysset til Mulelidmarka mot vest skal ligge slik det er i dag.
- o_SKV4, krysset til Nordalsmarka, skal ligge slik det er i dag.
- o_SKV5, krysset til Mulelidmarka mot aust kan utbetrast som vist på plankartet for å få større svingradius.
- o_SKV6 er kryss til Austvikvegen, og skal utformast som vist på plankartet.
- o_SKV8 er kryss til Brendøyvegen, og skal utformast som vist på plankartet
- SKV9 er avkøyrsløse til 28/813.
- f_SKV7, f_SKV9 og f_SKV10 er felles avkøyrsløse til eksisterande tilkomstvegar for eigedomane som grensar til vegane.
- SKV12 er privat tilkomstveg til gbnr 28/1067.
- Avkøyrsløse til enkelt-eigedomar er markert med pil. Desse skal utformast slik at dei har tilfredstillande sikt i krysset. Ved detaljprosjektering av vegen kan desse justerast, flyttast og slåast saman i samråd med grunneigar dersom det gjev ei betre trafikal løysing.

3.2.3 Fortau o_SF1-5

- o_SF1 er eksisterande opparbeidd fortau på nordsida av Vågavegen.
- o_SF2 langs Vågavegen er nytt fortau. Det skal opparbeidast som vist på plankartet.
- o_SF3 er eksisterande opparbeidd fortau langs Kinnvegen.

3.2.3 Gang- og sykkelveg, o_SGS 1 og 2

- o_SGS 1 er eksisterande opparbeidd gang- og sykkeltilkomst til Nordalsmarka.
- o_SGS 2 er tilkomst frå o_SPP2/ o_SKV2. Denne er opparbeidd i dag.

3.2.5 Anna veggrunn – grøntareal, SVG

SVG omfattar areal tilhøyrande veganlegg for rekkverk, grøfter, skråningar, fjellskjeringar, mur, gatelyst, osv. Gatelyst og innsynsskjerm/støyskjerm kan settast opp inntil 0 meter frå eigedomsgrense. Innafor området kan det og leggjast kommunalt VA-anlegg. Skråningsarealet skal dekkast med jord etter inngrep, tilsåast og gjevast eit grønt preg. Murar skal som hovudregel byggast i naturstein. Der det ikkje er plass til etablering av natursteinsmur, kan mur byggast i betong. Det kan og oppførast informasjonsskilt i desse områda, føreset at skilta vert plassert slik at dei ikkje er til hinder for sikt eller trafikk.

3.2.6 Parkeringsplassar, SPP1 og o_SPP2-3

- SPP1 er eksisterande parkeringsplass ved Sørstrand Barnehage.
- o_SPP2-3 skal opparbeidast slik dei er vist på kartet. På o_SPP3 skal det etablerast 58 parkeringsplassar, der 6 skal være utforma som HC-plass. På/ved o_SPP3 kan det oppførast informasjonsskilt for området. Skiltet skal plasserast slik at det ikkje er til hinder for trafikk, sikt eller parkering.

3.3 Grønstruktur (§ 12-5 nr. 3)

3.3.0 Fellesføresegner for grønstruktur

Innanfor områda regulert til grønstruktur skal det takast særleg omsyn til terreng og landskap ved utføring av tiltak. Det skal ikkje sprengjast for å tilrettelegge for tiltak

3.3.1 Turveg o_GT1-8 og GT9

- Turvegane skal i størst mogleg grad leggast slik at dei følgjer naturlege drag i terrenget.
- o_GT1 og o_GT2 skal opparbeidast slik at dei stettar krav til universell utforming. Dei kan opparbeidast med inntil 3 m breidde, i tillegg kan det leggjast inn kvileplassar der dette naturleg og naudsynt for å stette krav til universell utforming. **Sentrale kvileplassar kan utformast med tak og naturnær material- og fargeval.** Ved behov kan det gjerast justeringar i traseen for å sikre god terrengtilpassing og universell utforming.
- o_GT3 -7 skal opparbeidast som stiar med maks breidde 2 m.
- o_GT8 skal ha universell utforming fram til badestranda. Den skal elles ligge slik den er bygd. Det er ikkje høve til å utvide den.
- GT9 er eksisterande turveg i bustadområde. Denne kan opparbeidast og utvidast slik den visast på plankartet.

3.3.2 Badeplass/område, o_GB

I områda o_GB er det tillate med installasjonar/tiltak for friluftsliv. Dette omfattar bord og benkar, utegrillar, bane for sandvolleyball osv. Det må plasserast avfallsbeholdarar og oppsamlings-container for eingongsgrillar i området, og setjast opp informasjonsskilt som opplyser om brannfare og tider med forbod mot bruk av open eld. Dekket i området kan grusast og haldast vedlike. Det er og tillate å

oppføre baderamper eller andre installasjonar som gjev rørslehemma moglegheit for bading. Det kan opparbeidast parkeringsplassar for sykkel innanfor området.

3.3.3 Vegetasjonsskjerm, GV

Området omfattar vegetasjonsskjerm-område som ligg i anlegg- og riggområde. Området kan nyttast i samsvar med føremålet, og må sjåast i samanheng med klimavern-sone i tilgrensande plan.

3.4 Landbruks-, natur- og friluftsmål og reindriftsmål (§ 12-5 nr. 5)

3.4.0 Fellesføresegrer for friluftsområde

Områda skal i hovudsak haldast frie for inngrep, med unntak av det som går fram av punkta nedanfor. Det er ikkje lov med installasjonar/tiltak som hindrar ålmenta sin tilgang til areala.

Inntil vegtraseen til SV1 kan det leggjast VA- og EI-leidningar fram til o_BFT2 og o_GB. Det kan og etablerast nettstasjon i tilknytning til SV1 og o_GB/o_BFT 2.

I tilknytning til traseen til o_GT1 og o_GT2 kan det leggjast inn kvileplassar der dette er naturleg og naudsynt for å støtte krav til universell utforming.

3.4.1 Friluftsområde, LF1, LF2 og LF3

- I område LF1 kan det tillast enkel tilrettelegging for friluftsliv innanfor mindre områder. På svaberga på Flatholmen kan det plasserast faste utegrillar. Det skal i tilknytning til desse være boss-dunkar.
- I området LF2 kan det i tillegg til enkel tilrettelegging for friluftsliv innanfor mindre områder, etablerast eit aktivitetsområde innfor arealet vist med byggegrense. På dette området kan det oppførast enkle installasjonar og bygg inntil 20 m². Området skal gjevast ei heilskapleg utforming, og før det kan gjerast tiltak innanfor området skal det være utarbeidd ein plan som viser utvikling av området. I aktivitetsområdet må det setjast ut boss-dunkar. Det er kan og leggjast stiar i området med inntil 1 m breidde.
- I området LF3 kan det i tillegg til enkel tilrettelegging for friluftsliv innanfor mindre områder, etablerast ein platting med benkar innfor arealet vist med byggegrense. Plattingen skal plasserast i terrenget, og det er ikkje lov å sprengje i samband med bygging. I tilknytning til plattingen kan det og setjast opp boss-dunkar.

3.5 Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone (§ 12-5 nr. 6)

3.5.1 Småbåthamn, VS1 og 2

VS1 og 2 er småbåthamn for BUN1 og 2, med eksisterande brygger og kaier. Eksisterande anlegg kan vedlikehaldast og fornyast, men dei skal ikkje utvidast.

3.5.2 Friluftsområde i sjø og vassdrag, VV1

Området skal i hovudsak haldast fritt for inngrep.

3.5.3 Badeområde, o_VB

Innafor område o_VB er det tillate å etablere og vedlikehalde ei sandstrand. Ved påfylling av ny sand må det takast omsyn til spreining av framande artar. Det er og tillate å oppføre baderamper eller andre installasjonar som gjev rørslehemma moglegheit for bading.

4. Føresegner til omsynssoner (§ 12-6, 12-7 og 11-8)

4.1 Sikrings-, støy- og faresoner (§ 11-8 a)

4.1.1 Frisikt, H140, veg

Arealet er i planen kombinert med andre føremål. Innan området skal eventuelle sikthinder ikkje vere høgare enn 0,5 m over vegplanet på tilstøytande veg. Enkeltstående tre, stolper og liknande kan stå i siktarealet. Areal som ligg høgare skal planerast ned til 0,5 m over veg.

4.1.2 Frisikt, H140, restriksjonsområde rundt innflygingslysa

Restriksjonsområde rundt innflygingslysa skal sikre at ingen objekt, med unntak av antenner for instrumentlandingssystem, skal gjennomtrengje eit plan gjennom innflygingslysa ut til 60 meter frå senter-rekkja sideveis, og som vert avslutta 60 meter utanfor yste innflygingslys.

4.1.2 Andre sikringssoner, H190 (restriksjonsområde fly, heile planen):

Høgderestriksjonane gjeld i inn- og utflygingssonene til Florø lufthamn og til begge sider for rullebanen, og er nødvendige for å sikre hinderfri inn- og utflyging.

- I inn- og utflygingssonene blir høgderestriksjonane gitt av eit skråplan (inn- /utflygingsplanet) med helling 1:40. Dette planet startar 60 meter frå tersklane.
- Høgderestriksjonane til sides for rullebana (sideklaringsplanet) har ei stigning på 1:7. Sideklaringsplanet startar 75 meter frå rullebanen si senterline.
- Innafor områda gjeld dei høgderestriksjonane som er angitt med koter på plankartet. I desse områda kan det ikkje etablerast hinder (bygningar, vegetasjon, anlegg eller andre innretningar) som skjer gjennom inn-/utflygingsplanet eller sideklaringsplanet, jamfør kart datert 02.06.2017 for høgderestriksjonar i innflygingsbana til Florø Lufthamn. Eksisterande vegetasjon må haldast under hinderflatene

4.1.3 Støysoner flyplass, H210 og H220

- Tiltak innanfor støysonene for flystøy må følgje krav sett i punkt 2.2.3 og 3.1.0.

4.1.4 Flaumfare, H320

Bygg, installasjonar og turvegar/stiar som vert plassert innafor sona for flaumfare, kote 3 (NN2000) må dimensjonast slik at dei toler stormflo og bølgepåverknad. Ved søknad om byggjeløyve må det dokumenterast at bygget/installasjonen er dimensjonert i samsvar med tryggleiksklassen som gjeld for bygget/installasjonen, jfr TEK10 § 7-2.

4.2 Særlege omsyn til landbruk, reindrift, friluftsliv, grønstruktur, landskap eller bevaring av naturmiljø eller kulturmiljø (§ 11-8 c)

4.2.1 Omsynssone for bevaring av kulturmiljø, H570 1-6

Områda omfattar anlegg frå 2. verdskrig. Desse skal takast vare på, og kan setjast i stand, slik at dei får ein opplevingsverdi. Det kan setjast opp skilt som fortel om historia i området. Det er ikkje lov med tiltak som øydelegg eller reduserer verdien av krigsminna. Utover tilrettelegging av krigsminna er det ikkje lov med andre tiltak innanfor omsynssonene.

4.4 Føresegner til føresegningsområde (område #1-12)

Anlegg og riggområde, #1 -13

Område #1-12 er midlertidig anleggsområde, der det i anleggsperioden for bygging av veganlegg/tekniske grøfter i vegområdet, er tillate å nytte området til anleggsverksemd. Ved avslutning av anleggsarbeidet, skal området ryddast og ordnast til slik at det framstår med same kvalitet som

området hadde før anleggsarbeidet starta, med formål som vist på plankart. Når anleggsperioden er avslutta, fell denne områdeføresegna bort, og skravur på plankart skal fjernast.

5. Rekkjefølgjeføresegner

5.1 Før rammeløyve, heile planområdet

- All ferdsel og bruk av anleggsmaskiner og kraner m.v. (mellombelse hinder) skal avtalast og godkjennast på førehand av Avinor v/ Lufthamnsjefen.
- Alle søknader om byggjeløyve eller byggjemelding skal leggjast fram for Avinor v/Lufthamnsjefen for nærare avklaring av tilhøvet mellom planlagde tiltak og restriksjonar knytta til dei enkelte navigasjonsinnretningane.
- Det skal rettast søknad til Avinor v/Lufthamnsjefen gjeldande aktivitetar som endrar lyssettinga i området og som kan få innverknad på tryggleiken for lufttrafikken.

5.2 Før bruksløyve for nye bygg

- Før det kan gjevast bruksløyve for ny bustad i B2 skal SKV12 være opparbeidd.
- Før det kan gjevast bruksløyve for bygg i o_BFT2 skal o_SPP3 være opparbeidd, og det skal være sett ut boss-dunkar/avfallsbeholdarar i o_GB, jfr punkt 3.3.2. Det skal og vere opparbeidd minimum 40 sykkelparkeringsplassar innanfor o_BTF2 /o_GB.

Dokument som får juridisk verknad gjennom tilvising i føresegnene

Kart datert **05.09.2017** som viser høgderestriksjonar i innflygingsbana til Florø Lufthamn